



**Møtereferat – internt**

U.off:

Vår ref  
2023/7048-3

Sakshandsamar:  
Kyrre Einar Hegg

Arkivkode:

Dato:  
05.09.2023

Til:	Sendt på e-post til deltakarane i møtet/strategigruppa
Frå:	Kyrre Einar Hegg

Gjeld:	<b>Oppstartsmøte om ny reiselivsstrategi 21. august 2023 - referat</b>
Møtetid:	21. august 2023, 14.00 til 16.00
Møtestad:	Kommunehuset i Åmot
Tilstade:	Miriam Lauritsen og Gudrun Semons frå Visit Haukeli Torben Andersen og Kristin Larsen frå Visit Rauland Elin Hommo og Lilly Marita Tvitekkja Bergland frå Visit Vinje Knut Martin Edland, Gry Åsne Aksvik, Åsne Skjøtskift Øygarden og Kyrre Hegg frå Vinje kommune
Fråverande:	

**Referat**

- Det har lenge vore ambisjonar om å få på plass ein reiselivsstrategi for Vinje, både hjå politikarane, i kommuneadministrasjonen og ute i næringa. Ny næringsplan er snart på plass, og denne vidarefører satsinga på reiseliv. Den regionale strategien for Vest-Telemark er også snart klar, og me har fått destinasjonskoordinatorar på alle dei tre destinasjonane i kommunen. Det meste ligg difor til rette for å starte opp arbeidet med ein reiselivsstrategi for Vinje.
- Strategien skal handle om kva me skal gjere saman for å nå felles mål for reiselivet i kommunen. Me må byrje med å finne ut kva me vil med reiselivet i Vinje og jobbe for å snu den negative trenden som har vore den siste tida. Me må jobbe for at dei tre destinasjonane styrkar sin identitet og utfyller kvarandre i staden for å knive med kvarandre. Det sentrale i strategien må vere korleis me saman kan medverke til eit kommersielt vellukka reiseliv i Vinje. Samtidig må me involvere og forankre strategien hjå lokalbefolkninga og andre interessentar og sørge for at me møter nye krav og forventningar om sosial og miljømessig berekraft.
- Kommuneadministrasjon vil ta ansvar for å sikre framdrift og oppfølging, men for å lukkast må eigarskapet til strategien og tiltaka vere minst like sterkt hjå reiselivsaktørane.
- Målet med oppstartsmøtet var å bli samde om ein plan for strategiarbeidet og avklare forventningar. Kommuneadministrasjonen presenterte eit utkast til plan for

strategiarbeidet. Me diskuterte planen og blei samde om justeringar. [Ny versjon ligg no her](#), i form av ei nettside. På denne nettsida vil me etter kvart også samle all relevant dokumentasjon knytt til strategiarbeidet.

- Den lokale arbeidsgruppa for Vinje som deltok i strategiarbeidet for Vest-Telemark har alt gjort mykje arbeid me kan bygge vidare på. Det kom også fleire innspel til næringsplanen som gjeld reiseliv. Desse tar me med oss inn i arbeidet med reiselivsstrategien.
- Det vil skje mykje anna planarbeid i kommunen i tida framover, ikkje minst ny samfunnsdel, ny arealdel og moglegvis nye kommunedelplanar for Åmot og Rauland. Me vil bruke arbeidet med ny reiselivsstrategi som ein viktig arena/kanal for å få reiselivet sine perspektiv og behov inn i desse planane.

#### **Neste møte:**

- Tid og stad: 25. september frå 13.15 til 15.15 i formannskapssalen på kommunehuset i Åmot. Innkalling er sendt ut.
- Førebels agenda:
  - Kunnskapsgrunnlag
  - Mal for lokalt strategiarbeid
  - Status for berekraftssertifiseringa v/Hilde i Visit Telemark
  - Eventuell studietur
- Førebuing:
  - Alle sjekkar oversikta over kunnskapsgrunnlaget ([sjå eige avsnitt på nettsida](#)) og noterer eventuelle manglar.
  - Alle les dei tre rapportane frå Mimir og Menon (desse er lenka til i oversikta) og noterer kva for fakta/talgrunnlag me ønskjer oppdateringar på.
  - Kommunen lagar eit utkast til mal for det lokale strategiarbeidet og sender ut før møtet. Destinasjonane førebur innspel til denne.